Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Mari Katrine Berg, 5557 2326

Vår dato
08.11.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/3929 471
Dykkar referanse

Ragn Sells AS avd. Voss
Bjørkemoen 56
5709 VOSS

Rapport etter tilsyn ved Ragn Sells AS avd. Voss 19. oktober 2016
Rapportnummer: 2016.030.I.FMHO

Kontaktpersonar ved tilsynet:

Frå verksemda:
Ove Andre Algrøy
Lars Bjørke
Jarl Olav Brekke
Jarle Hamre

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Mari Katrine Berg
Hallvard Hageberg

Resultat frå tilsynet

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå tilsynet. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 1 avvik og har gitt 1 merknad under tilsynet innan følgjande tema:

- internkontroll
- farleg avfall

Avviket og merknaden er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Ragn Sells AS avd Voss må sende ei skriftleg stadfesting innan **15. februar 2017** på at avviket er retta. Oppfølginga etter tilsynet er nærare omtalt på side 2.

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Mari Katrine Berg
overingeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Voss kommune

1. Informasjon om verksemda

Namn: Ragn Sells AS avd. Voss	**Risikoklasse:** 3
Besøksadresse: Bjørkemoen, Voss	
Postadresse: Postboks 49, 2001 Lillestrøm	
E-post: 08899@ragnsells.no	**Telefon:** 08899
Kommune: Voss	**Organisasjonsnr.:** 994 441 418
Bransjenr. (NACE-kode): 38.110 Innsamling av ikkje-farleg avfall	**Eigar (org.nr.):** 952 187 627
Løyve sist oppdatert: 22. august 2012	**Siste tilsyn:** 22. mai 2012

2. Bakgrunnen for tilsynet

Tilsynet vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Verksemda har løyve etter forureiningslova, og Fylkesmannen fører tilsyn med alle anlegg med løyve basert på eit tilsynsintervall knytt til risikoklassen.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- internkontroll, inkl. risikovurdering og avvikssystem
- utsleppskontroll
- farleg avfall
- løyvet av 11. juli 2011

3. Oppfølging etter tilsynet

Verksemda pliktar snarast å rette opp avviket som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **15. februar 2017** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

4. Tilsynsgebyr

Ragn Sells AS avd Voss skal betale gebyr for tilsynet, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 500 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- produktkontrollova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 11. juli 2011

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik**: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevnaden (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad**: eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda har manglar i internkontrollen

Avvik frå:

- Internkontrollforskriften § 5 andre ledd pkt. 6 og 7
- Løyvet av 11. juni 2011 pkt. 2.5 og 5.2

Kommentar til regelverket:

Avviksrapportering

Alle verksemder må sette i verk rutinar for å avdekka, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Dette inneber å ha eit aktivt avvikssystem. Nokre hendingar er tydeleg ikkje ønska, mens andre er kanskje ikkje like klare. Det er viktig at alle desse hendingane vert registrert for å hindre at dei skjer igjen.

Miljørisikovurdering

Ein miljørisikovurdering skal ta for seg alle hendingar som kan påverke ytre miljø, og lokale forhold må vere inkludert og vektlagt i tilstrekkeleg grad.

Deklarering av farleg avfall

For å unngå at det same farlege avfallet vert talt fleire gonger i det sentrale systemet, er det viktig at avfallet berre vert registrert ein gong i avfallsdeklarering.no. For at informasjon om avfallet skal kunne følgje med lenger ned i avfallsstrømmen er det laga eit skjema for samledeklarasjon. Skjemaet er ein .pdf-fil der ein kan skriva inn data, og det er lenkje til skjemaet i arbeidsflata til avfallsmottak i avfallsdeklarering.no. Samledeklarasjonen må lagrast lokalt på eigen PC, og er ikkje ein del av deklarasjonsløysinga i avfallsdeklarering.no.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Avviksrapportering
Verksemda har eit avvikssystem, og har fleire avvik knytt til feilsortering av avfall. Likevel er det berre registrert avvik knytt til ytre miljø i samband med internt ikkje-meldt tilsyn i april i år.

Under tilsynet vart vi informert om brot på ein slange, som det vart sagt truleg ikkje ville bli rapportert som avvik.

Det går ikkje fram om verksemda har tydelege kriterier for kva som er å rekna som avvik på ytre miljø.

Miljørisikovurdering
Verksemda reknar brann som den hendinga med størst miljømessig betyding. Det er eit mishøve mellom vurderinga av brann og korleis hendinga går fram av risikovurderinga.

Utslepp til kommunalt nett er inkludert i miljørisikovurderinga sjølv om verksemda ligg i eit område som ikkje kopla til det kommunale nettet.

Samdeklarering
Verksemda melder at deklarert avfall frå ulike aktørar vert registrert under eit nytt deklarasjonsnummer når det vert levert vidare til neste avfallsanlegg.

Kompetanseutvikling
Verksemda har krav om å utarbeide planar for kompetanseutvikling for alle tilsette som handterer farleg avfall og EE-avfall. Planane ver ikkje dokumentert i internkontrollen.

8. Merknader
Vi har gitt følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1: Verksemda tek i nokre tilfelle imot farleg avfall frå næringskundar som ikkje er deklarert

Kommentarar:
Næringskundane er regelmessige kundar som ikkje har registrert seg som brukarar i nettløysinga. Tilsette ved verksemda hjelp til med rettleiing og registrering i avfallsdeklarering.no. I nokre tilfelle vert avfallet ståande ut dagen før dei vert registrert av tilsette i verksemda.

Denne måten å løyse mottak og registrering på kan vere naudsynt i ein kort overgangsfase for å sikre at det farlege avfallet vert handtert på ein trygg måte.